

# REFERAT

## MØTE: ORGANISASJONSUTVALET

Møteleiar: Jørgen Amdam	Referent: Joakim Rødven
-------------------------	-------------------------

Dato 01.02.18	Møtetid frå – til 12:00-13:00	Stad: Kommunestyresalen, Smia
---------------	----------------------------------	-------------------------------

<b>Tilstade:</b> <u>Medlemmar Hornindal:</u> Eldar Englund, Stig Olav Lødemel, Per Maurset  <u>Medlemmar Volda:</u> Jørgen Amdam (leiar), Arild Iversen	<b>Forfall:</b> Rebecca Bjerknes Riise
<b>Også til stade:</b> Joakim Rødven, kommunikasjonsrådgjevar (referent)	

Sak
1. <b>Gjennomgang av reglementforslag</b>
<p>Møteleiar Jørgen Amdam starta møtet med gå gjennom arbeidet som har blitt gjort i utarbeidinga av reglementforslaget, før utvalet gjekk gjennom heile forslaget til ein siste korrektur. Med nokre redaksjonelle endringar kunne utvalet slutte seg til forslaget slik det låg føre, med følgjande merknadar:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Mynde til ordførar:</b> Amdam med forslag om å stryke følgjande setning frå fjerde avsnitt «Han skal etablere ei politisk leiargruppe for å styrke det politiske nettverket på tvers av fagområda og gremje ei samordna, heilskapleg politisk styring av kommunen.». Utvalet var samde i denne vurderinga.</li><li>• <b>Retningslinjer som gjeld tilhøvet mellom folkevalde organ og administrasjonen:</b> Eldar Englund med forslag om å implementere Hornindal kommune sine eksisterande etiske retningslinjer, som kommunen nyleg vedtok. Arild Iversen la også til at Volda har liknande retningslinjer som er noko eldre. Amdam føreslo å sjå desse to opp mot kvarandre og samanfatte til eitt felles forslag. Utvalet var samde i denne vurderinga.</li><li>• <b>Vedtekter for ungdomsrådet:</b> Amdam med forslag om at det i punkt 2.1 skal føyast til at elevrådet frå barneskulen og frå ungdomsskulen på Grodås begge skal ha éin representant kvar i ungdomsrådet. Utvalet var samde i denne vurderinga.</li><li>• <b>Reglement for eldrerådet:</b> På grunn av praksisen i dag der leiar og nestleiar vert oppnemnd i innstillinga til valnemnda, føreslo Amdam å fjerne følgjande setning under punkt 1 i reglementet: «Rådet konstituerer seg sjølv og leiar og nestleiar skal veljast mellom pensjonistane.». Utvalet var samde i denne vurderinga.</li></ul> <p>Med desse justeringane i reglementet, samt tilføyning av etiske retningslinjer/retningslinjer som gjeld tilhøvet mellom folkevalde og administrasjon, seier utvalet seg ferdig med prosessen av reglementforslag for politiske nivå.</p> <p>Det som står att før arbeidet er fullført er å utarbeide forslag til endeleg delegeringsreglement til rådmannen og ha ein gjennomgang av retningslinjer for grendeutval med alle grendeutvala i Volda og Hornindal. Dette vil vere prosessar som startar etter at reglementet for dei politiske nivåa er vedteke i Fellesnemnda.</p>

## REFERAT

2.	<b>Førebud sak til Fellesnemnda for kommentar/vedtak</b>  <i>Utvalet vil til neste møte i Fellesnemnda ferdigstille saksframlegg som skal leggest fram for nemnda. Før den til vil leiar i utvalet sende ut reglementet til ei kort høyringsrunde.</i>
3.	<b>Førebud møte med grendeutval m.m.</b>  Etter at reglementet til politiske nivå er vedteke, vil utvalet kalle inn alle grendeutval til eit fellesmøte, der det vil bli høve til å gå gjennom retningslinjer for grendeutvala i Nye Volda. I dagens Volda vert fellesmøte med grendeutvala arrangert i løpet av våren. Det vert derfor aktuelt å gjennomføre eit slikt møte i dette tidsromet.
4.	<b>Starte arbeid med delegasjonsreglement</b>  Arbeidet med delegasjonsreglement vert starta opp når utvalet reglementet for «nye» Volda kommune er vedteke.

**Neste møte:** vert bestemt ved eit seinare høve.